



# Møtereferat

## Administrativ styringsgruppe

<b>Møtedato:</b> 27.04.2018	<b>Møtestad:</b> Møterom Haukedalen, Førde rådhus
-----------------------------	---

Møtt	Ikkje møtt
Øystein Høyvik Atle Fasteland Ellen Jensen Øyvind Bang-Olsen Stian Jakobsen Marit Solheim Elin Enebakk Torill Anita Segtnan Solveig Bringeland Malin Moldestad  Trond Ueland (sak 2) Liv Janne Bell Jonstad (sak 3) Oddvar Holsen (sak 3) Lise Mari Haugen (sak 4) Endre Fure Bortne (sak 4) Anette Sollid (sak 4)	Ole John Østenstad

<b>Møteleiar:</b> Øystein Høyvik	<b>Møtereferent:</b> Malin Moldestad
----------------------------------	--------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	<b>Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 23.03.18</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Gjennomgått og godkjent</li></ul>		
2	<b>Fotballhall på Skei – søknad frå Jølster kommune til Førde kommune om medfinansiering</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Trond Ueland informerte om innhaldet i søknad som Førde kommune har motteke frå Jølster kommune</li><li>Konklusjon</li></ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Prosjektleder informerer fellesnemnda om søknaden og ev. konsekvensar utbygging vil få for Sunnfjord kommune</li> <li>○ Førde kommune ferdighandsamar søknaden</li> </ul>		
3	<p><b>Tenestestandard helse/omsorg</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oddvar Holsen og Liv Janne Bell Jonstad informerte om utgreiingsarbeidet som er gjort i høve etablering av felles tenestestandard og tildelingskontor på helse- og omsorgsområde</li> <li>• Konklusjonar ang. felles tenestestandard <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dei fire kommunane har allereie relativt like tenestestandardar</li> <li>○ Etablering av felles tenestestandar før 01.01.20 vil slik ein vurderer det ikkje medføre auka kostnader eller behov for organisatoriske endringar</li> <li>○ Administrativ styringsgruppe ser det som ein (stor) fordel om ein har vedteke felles tenestestandard som gjeld frå 01.01.19</li> </ul> </li> <li>• Konklusjonar ang. etablering av felles tildelingskontor før 01.01.20 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Naustdal kommune har bedt Førde kommune tilby sakshandsamingstenester på helse- og omsorgsområdet frå sommaren 2018 og ut 2019</li> <li>○ Administrativ styringsgruppe ber om at prosjektnettverket for helse/omsorg gjer ei nærare utgreiing knytt til fordelar og ulemper ved å etablere eit felles tildelingskontor frå 01.01.19 kor også Gaular og Jølster deltek</li> </ul> </li> </ul>	Helse- og omsorgs nettverket	15.09.18
4	<p><b>Guide for budsjettering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonominettverket v/Anette Sollid informerte om innhaldet i forslag til budsjettguide for 2019</li> <li>• Konklusjonar: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Administrativ styringsgruppe vurderer at nettverket har levert eit godt fundert forslag når det gjeld budsjettering for 2019</li> <li>○ Anette Sollid utarbeider framlegg til saksutgreiing til fellesnemnda sitt møte 09.05.18</li> <li>○ Ole John Østenstad og Anette Sollid førebur orientering for fellesnemnda 09.05.18</li> <li>○ Økonominettverket utarbeider mal for felles saksutgreiing for kommunestyrehandsaming</li> <li>○ Økonominettverket – ev. saman med prosjektleder – informerer kommunestyra nærare i samband med kommunestyrehandsaming av framlegget</li> </ul> </li> </ul>		
5	<p><b>Diverse informasjon, tilbakemeldingar og evaluering v/Øystein Høyvik mfl.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektleder digitalisering <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Den aktuelle kandidaten takka nei til stillinga. Det medfører to spørsmål: 1) skal vi lyse ut stillinga på nytt som fast stilling, og 2) er det nokon interne i kommunane som er aktuelle kandidatar?</li> <li>○ Administrativ styringsgruppe ønskjer å finne ein intern kandidat i første omgang, og det kan vere aktuelt å kjøpe konsulentteneste på kort sikt viss ingen interne kandidatar er aktuelle</li> </ul> </li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Stillinga blir ikkje lyst ut på nytt før 1. juli, når at den nye leiargruppa er tilsette</li> <li>● KMD si samling på Gardermoen 11. og 12. april 2018 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vi har god framdrift</li> </ul> </li> <li>● Felles ungdomsrådsmøte 17.04.18 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vellukka, det blir sett opp eit nytt fellesmøte i november før møtet i fellesnemnda</li> </ul> </li> <li>● Personalsamling Jølster 19.04.18</li> <li>● Møte 24.04.18 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ HTV og HVO <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Øystein Høyvik og Jan Birger Moe utarbeider ein felles mal for ROS-analyse knytt til HMS for dei fire kommunane</li> </ul> </li> <li>○ Personalnettverka</li> <li>○ Drøftingsmøte</li> </ul> </li> </ul>		
6	<p><b>Gjennomgang prosjektoversikt v/Øystein Høyvik</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Excel-arket med prosjektoversikta blir lagt fram som referatsak i fellesnemnda sine møte</li> </ul>		
7	<p><b>Godkjenning av prosjektplanar v/Øystein Høyvik</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Ole John Østenstad og Øystein Høyvik har sett av tid til å gå gjennom prosjektplanar i neste veke</li> </ul>		
8	<p><b>Innhald møte fellesnemnda 09.05.18 og 06.06.18</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Øystein Høyvik presenterte kjøreplan for møta</li> </ul>		
9	<p><b>Førespurnad frå Naustdal kommune til Førde kommune om samarbeid knytt til sakshandsaming og systemansvar på helse- og omsorgsområdet – sak for Sunnfjord kommune?</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Administrativ styringsgruppe er positive til at Førde kommune svarar ja på førespurnaden</li> <li>● Generell praksis knytt til endringar: slike saker bør drøftast med tillitsvalde i den aktuelle kommunen, og Naustdal vil i denne konkrete saka gjennomføre drøfting med sine tillitsvalde</li> <li>● Ole John Østenstad orienterer om førespurnaden i møte med fellesnemnda 09.05.18</li> </ul>		
10	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Ingen saker</li> </ul>		

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*